
Saksnr: 2020/46327-6
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.06.2020

Disponering av rekneskapsoverskot - koronatiltak - ekstern støtte

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet viser til fullmakt frå fylkestinget om disponering av 35,8 mill. kr av rekneskapsoverskotet for 2019 til støtte til eksterne tiltak i samband med koronapandemien.
2. Fylkesutvalet godkjenner at summen vert delt mellom hovudutvala for Næring og Kultur, idrett og inkludering med ein halvpart på kvart utval.
3. Hovudutvala får fullmakt til å fordele midlane etter eigne tildelingskriteria.

Samandrag

I samband med godkjenning av rekneskapane for 2019 for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar (PS 35/20) vedtok fylkestinget å setje av 35,8 mill. kr av rekneskapsoverskotet til eksterne tiltak for verknadene av koronapandemien.

Fylkestinget gav fylkesutvalet fullmakt til å fordele summen til Hovudutval for næring og Hovudutval for Kultur, idrett og inkludering.

Fylkesrådmannen foreslår at summen vert delt mellom hovudutvala med ein halvpart på kvart utval.

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med godkjenning av rekneskapane for 2019 for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar (PS 35/20) vedtok fylkestinget å setje av 35,8 mill. kr av rekneskapsoverskotet til eksterne tiltak for verknadene av koronapandemien.

Fylkestinget gav fylkesutvalet fullmakt til å fordele summen til Hovudutval for næring og Hovudutval for Kultur, idrett og inkludering og gjorde slikt vedtak:

«Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å fordele avsetning frå disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte MNOK 35,8) til hovudutvala for Næring og innovasjon jf. PS 80/20 og Kultur, idrett og integrering jf. PS 49/20.

Hovudutvala får fullmakt til å fordele midlane vidare etter eigne kriteria for tildeling.»

Bakgrunnen for at desse to hovudutvala er peika spesielt på, er fylkestingssakene 49/20 Koronautbrotet - omfang, konsekvensar og tiltak i høve kultur, idrett og inkludering i Vestland pr. juni 2020 og sak 80/20 Ekstraordinære tiltak korona, disponering av overskot 2019.

Fylkestingssakene 49/20 og 80/20 peikar på verknadene pandemien har hatt innanfor desse hovudutvala sine ansvarsområde.

Fylkesrådmannen foreslår ut frå dette at den disponible summen på 35,8 mill. kr vert fordelt med ein halvpart på kvart av hovudutvala.

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt vedtak og legg til grunn at det vert utarbeidd eigne kriterium for tildeling av midlane.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet etter fullmakt frå fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tilskota vil hjelpe nærings- og kulturorganisasjonar og tiltak med verknadene av koronapandemien.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen foreslår å fordele summen på 35,8 mill. kr til tiltak mot koronapandemien til Hovudutval for næring og Hovudutval for kultur, idrett og integrering med ein halvpart på kvart utval.